
Saksnr: 2019/11-124
Saksbehandlar: Signe Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.11.2021

Førespurnad om å kome med innspel om kandidatar til styret i Helse Vest RHF

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune spelar inn følgjande kandidatar til styret i Helse Vest RHF for perioden 2022-2024:

...

Samandrag

Helse- og omsorgsdepartementet ber i brev av 08.11.21 til fylkeskommunane og Sametinget om å kome med innspel til kandidatar som kan vere aktuelle som styremedlemer i dei regionale helseføretaka. Departementet skal som eigar velje inntil sju av styremedlemene, og ønskjer eit breitt utval av kandidatar å velje mellom.

Valet skal finne stad på føretaksmøte i helseføretaket i januar 2022.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Helse- og omsorgsdepartementet ber i brev av 08.11.21 til fylkeskommunane og Sametinget om å kome med innspel til kandidatar som kan vere aktuelle som styremedlemer i dei regionale helseføretaka.

Departementet oppnemnde det noverande styret, med unntak av dei tre tilsettere representantane, i føretaksmøtet i januar 2020, for ein periode på to år.

Verken HFK eller SFFK sende inn forslag før valet i 2020. For perioden 2018-2020, føreslo SFFK Olin Johanne Henden, Siv Førde og Jarle Skartun som styremedlemer. HFK spelte for same periode inn følgjande kandidatar: Mona Røsvik Strømme, Anne-Grete Strøm-Erichsen, Torill Selsvold Nyborg, Geir Kjell Andersland, Steinulf Tungesvik og Kjell Gitton Håland. Av desse er det berre Olin Johanne Henden som i dag er styremedlem i helseføretaket. Ho har vore styremedlem sidan 2012.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5. Fristen for å føreslå kandidatar er 01.12.21, og avgjerda kan derfor ikkje vente til fylkestinget er samla i desember.

Om val til styret i Helse Vest RHF

Etter lov om helseforetak § 24 vert styremedlemene valde for to år. Styret har både eigarvalde- og tilsettevalde styremedlemer. Dei eigarvalde styremedlemene vert valde i tråd med lov om helseforetak § 21 tredje ledd, og Helse Vest RHF sine vedtekter § 8 a.

Departementet skal velje inntil sju styremedlemer på føretaksmøtet i januar 2022, og ønskjer eit breitt utval av kandidatar å velje mellom. Det er opp til den einskilde fylkeskommunen å ta stilling til kor mange kandidatar ein eventuelt ønskjer å spele inn.

For å legge til rette for at departementet skal kunne ivareta kravet til kjønnsbalanse, er det ein fordel om fylkeskommunen spelar inn kandidatar av ulikt kjønn. Det er også vedtektsfesta at styret samla sett skal ha medlemer med ulik alder og ulik geografisk tilhørsle innanfor regionen føretaket høyrer under.

Departementet skriv følgjande om oppnemning av styremedlemer i helseføretaka:

«De regionale helseforetakene er komplekse virksomheter som forvalter viktige samfunnsoppgaver og store ressurser på vegne av fellesskapet. Det legges vekt på at styrene samlet sett er sikret en kompetanse og kapasitet som står i forhold til det store ansvaret styret har, samt de utfordringer det regionale helseforetaket står overfor. Det er derfor avgjørende at styrene har medlemmer som innehar bred politisk og samfunnsmessig forståelse. Styrene bør videre ha medlemmer med relevant kompetanse knyttet til drift av sykehus og kjennskap til primærhelsetjenesten, forskning og utdanning. Kompetanse innen styrearbeid, omstillingsprosesser og økonomistyring vil også være viktig å besitte. Styremedlemmene skal i forbindelse med styrearbeidet ikke representere geografiske områder, partier eller andre interesser.»

Departementet skriv at eigar vil vektlegge både kontinuitet og fornying i styra.

I dag sit følgjande personar i styret:

Einar Strømsvåg (leiar)
Olin Johanne Henden (nestleiar)
Gunnar Berge
Sigurd Kolstrup Hille
Pernille Lysaker
Ingeborg Cecilie Morken
Wenche Kristin Røkenes (tilsettevald)

Marie Skontorp (tilsettevald)
Egil Olsen (tilsettevald)

I tillegg er Jan Oddvard Gjerde med som observatør.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant. Medlemene får godtgjersle frå Helse Vest RHF

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje direkte relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Lokalt føreslegne styremedlemer kan vere med på å fremje regional medverknad og samhandling.

Konklusjon

Fylkeskommunen bør spele inn ca. fire kandidatar som oppfyller følgjande krav:

- har brei politisk forståing og brei samfunnsforståing
- har relevant kompetanse knytt til drift av sjukehus og kjennskap til primærhelsetenesta, forskning og utdanning
- har kompetanse innan styrearbeid, omstillingsprosessar og økonomistyring

Vidare bør fylkeskommunen spele inn kandidatar:

- med ulikt kjønn
- med ulik alder
- med ulik geografisk tilknytning innanfor regionen